

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
14.06.18

Tilstades på møtet:

Medlemer: Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Per Børge Hillestad.

Varamedlemer: Kjell Dahle

Andre: Kommunal representant : Kommunal representant og vara kunne ikkje stilla.
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Sylvelin Fonnes, Kine Lerøy, Inger Synnevåg, Jusu Gyflan,
Anita Bakke, Svein Tomas Villanger.

Desse møtte ikkje: Britt Ystebø, Arne Lerøy.

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 12/18 – F 15/18

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 12/18 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent.

F – 13/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIVING AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Kjell Dahle og Bjørn Helge Olsen

F - 14/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 04.04.2018

Framlegg til vedtak:

Møteboka for 04.04.2018 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka for 04.04.2018 vart godkjent utan merknader.

F – 15/18 ØKONOMIRAPPORT 2018:

Økonomirapport for bruken av midlar så langt i 2018 vart lagt fram for soknerådet.

Framlegg til vedtak:

Økonomirapporten for 2018 vart tatt til vitande.

Vedtak:

Økonomirapporten for 2018 vart tatt til vitande.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
14.06.2018

Tilstades på møtet:

Medlemer: Helge Dyrkolbotn, Anny Bertelesen,

Varamedlemer: Kjell Dahle.

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim.
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Sylvelin Fønnes, Kine Lerøy, Inger Synnevåg, Anita Bakke, Jusu Gyflan, Svein Tomas Villanger.

Desse møtte ikkje: Arne Lerøy, Britt Ystebø.

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 10/18 – S 17/18

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 10/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent

S – 11/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Kjell Dahle, Bjørn Helge Olsen.

S – 12/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 04.04.2018

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 04.01.2018 vart godkjent

Vedtak:

Møteboka frå 04.01.2018 vart godkjent

S – 13/18 ORIENTERINGAR

- Spørsmål om vitjing av Svein Kvamsdal i 2019.
Sagt i møtet: *Det er ønskeleg at Svein Kvamsdal med sitt Grundtvig program, vert invitert til Austrheim i mars/april 2019. Det kan vera ein idè å undersøka om han kan kombinera ei framføring i kyrkja med at han også deltek på eit årsmøte/kyrkjelydsfest.*
- Spørsmål om konsert med Kristin Minde, i samband med kulturdagane i oktober 2018.
Sagt i møtet: *Soknerådet er positive til å arrangera konsert med Kristin Minde. Samkøyra dette med Kari Utkilen på kulturkontoret, slik at konserten ikkje kolliderer med ein korpskonsert 28.okt, som avsluttar kulturdagane. Leif Arne tek kontakt.*
- Flytting til nye lokale, statusoppdatering.
Sagt i møtet: *Helge orienterte frå møtet med senterleiar der også kyrkjevevja var med. Mastrevik torg ved senterleiar treng eit offisielt brev frå kyrkjevevja, der ønske om nye lokalitetar vert formulert med eit meir konkret rombehov. Det vil vera mogeleg og ønskeleg for Mastrevik Torg om kyrkja skulle flytta inn.*
- Orientering frå basaren 11.juni:
Sagt i møtet: *Anny orienterte. Eit vellukka arrangement som samla inn om lag 24.000 kroner til misjonsprosjektet, med det som kom inn i forkant på bøkene og på sjølve basaren.*

S – 14/18 FELLESGUDSTENESTA 1.JULI – ORIENTERING, PLANLEGGING OG OPPGÅVEFORDELING.

Framlegg til vedtak:

Saka vert drøfta i soknerådet.

Sagt i møtet: *Herdis Gjerde og Grethe Andvik frå Austrheim Indremisjon tek ansvar for å organisera kyrkjekaffien. Alle forsamlingane er med på dette. Kvar forsamling stiller med 3 kanner kaffi og 3 kaker. Dette gjeld også soknerådet. Leif Arne sjekkar med Trond Einar om han kan køyra lys og lyd. Vi foreslår at offeret går til Giving Hope to a child i år også. Per Børge sjekkar ut med eit par ungdommar som vert spurt om å vera solist og vera*

medliturg. Forbønnsdelen skjer med medvirkning frå alle forsamlingane. Svanhild er spurt om å pynta. Omtale om gudstenesta må ut så snart som mogeleg.

S – 15/18 OPPNEMNING AV NOMINASJONSNEMD TIL NYTT SOKNERÅD.

Kyrkjeverja har undersøkt med tidlegare kyrkjeverje i forhold til prosedyrane for kyrkjevalet. Eg har også undersøkt i diverse skriv som vart gitt ut i forkant av kyrkjevalet 2015.

Valnemda for kyrkjevalet i 2015 var følgjande:

- Arne Lerøy
- Anne Dahle Austrheim
- Bjarne Neteland.

Før kyrkjevalet i 2015 arrangerte bispedømekontoret kurs for soknerådsmedlemmer som i vårt prosti vart haldne 14. og 15.januar 2015.

Valnemda hadde sitt første møte i slutten på januar 2015. Kandidatar til soknerådet vart tilskrevne og fekk eit brev der det stod at dei ville bli oppringt av eit medlem frå valnemnda innan 15.februar 2015.

Soknerådsvalet 2015 vart halde 14.september, som var identisk med valdagen for kommune og fylkestingsvalet..

Bispedømekontoret opplyser følgjande om tidsfristar for kyrkjevalet 2019:

- 2.januar 2019: Nominasjonsgruppene/valnemdene må vera registrerte.
- 1.mars 2019: Frist for etablering av nominasjonskomite for val lek representant til bispedømerådet og Kyrkjemøtet (gjeld ikkje oss).
- 30.april 2019: Frist for innlevering av listeframlegg ved val av sokneråd og val av lek til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.
- 5.mai: Frist for å godkjenna listeframlegg og kunngjera vallister, valform og eventuell supplerande nominasjon.
- 10.august – 6. september: Periode for førehandsrøyster.
- (8.) og 9.september: Valdagen.

Kyrkjerådet opplyser at rettleiings og ressursstoff vert oppdatert frå sommaren 2018.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd utset oppnemning av nominsasjonsnemd til hausten 2018.

Vedtak:

Austrheim sokneråd utset oppnemning av nominsasjonsnemd til hausten 2018.

S – 16/18 VERDIARBEIDET

Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet.

Sagt i møtet:

Helge D sjekka ut eit mogeleg firma som kunne vera ein ekstern part som kunne driva ein prosess som omhandlar verdiarbeidet. Dette firmaet var ueigna til dette formålet. Per Børge sjekkar meir ut om konkret verdiarbeid frå Rogaland. Per Børge og Leif Arne førebur sak om dette til neste soknerådsmøte.

S – 17/18 MØTEPLAN HAUSTEN 2018:

Vedtak:

Soknerådet skal ha møte følgjande datoar hausten 2018:

AU:

- 4.september kl 08.30
- 2.oktober kl 08.30
- 20.november kl 08.30.

Soknerådet:

- 20.september kl 19.00
- 25.oktober kl 19.00
- 6.des kl 19.00